

Stiftelse dokument for foreininga: «Hillefast»

Innleiing:

Stiftelsen av foreininga «Hillefast» er å formalisera vidareføring av det private:
«Interesselaget for betre kommunikasjon Kvinnherad – Stord/E39»

Laget var eit samarbeid som starta i 2017, mellom Gerhard Eide og Per Kristensen og gjekk ut på å forbetra sambandet mellom Kvinnherad og Stord/E39. Arbeidet har heile tida vore basert på dugnad.

Ved nå å ha vidareutvikla iden frå eit ferjesamband til å omhandla eit ferjefritt samband mellom kommunane, via øya Hille, vil ide-utviklarane forankra iden og laget i ei offentleg registrert foreining kalla «Hillefast».

Styret består av: Gerhard Eide og Per Kristensen

Formålet:

Å vidareutvikla og realisera «Hillefast», som eit realistisk og kostnads-effektivt samband, gjennom forankring og samarbeid med begge kommunar og fylkeskommunen. (Inkludere private, bedrifter og det offentleg.)

Drift av foreininga:

Foreininga er "Ikkje-kommersiell", og basert på u-lønna, dugnad basert og frivillig arbeid, dette for oppfyljing av foreininga sitt formål.

Gamle og nye støttespelarar er velkommen.

Finansiering / finansar:

Eventuelt ulike donasjonar, offentleg støtte og innkomande midlar til foreininga, skal berre kunne nyttast til foreiningas formål.

Ved vidareføring av Hillefast til annen organisasjon eller opphør, skal rest midlar:

A: Overførast til ny organisasjon med same formål.

B: Delast mellom kommunane Stord og Kvinnherad, øyremarka «Samferdsel».

Eigarskap til foreininga:

Foreininga ser på det utvikla konseptet «Hillefast» (Ferjefritt samband med undersjøisk tunnel frå Halsnøy til øya Hille og vidare med flytebru mellom Hille til Stord) som sitt utvikla konsept.

Like så dei resultatata av grunnundersøking som laget har jobba for å innhenta, og har fått utført ilag med UiB/G.O.SARS, og har skriftleg fått bekrefta rettighet til å bruka. Bistandsarbeid utført av L.M.G. Marine v/ Geir Lasse Kjersem / illustrasjonar som er produsert av Northwest3D av traseen har og Hillefast får rettigheter til.

Per Kristensen



Gerhard Eide

